



Møteprotokoll

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen

Møtested: Skjåk Almenning i Bismo

Dato: 18.06.2024

Tidspunkt: 11:00 - 13:30

Følgende faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Reprenterer
Inger Line Flydal	Medlem	VU-REIN-BRE
Hans Kristian Enge	Medlem	IFK
Morten Kielland	Medlem	SKJÅK
Åsta Røhr Kleiven	Medlem	VÅGÅ
Jan Peter Valde	Medlem	RAUMA
Terese Jemtegård Moen	Leder	FJORD
Dordi Boksasp Lerum	Medlem	MRFK

Følgende medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Reprenterer
Mariann Skotte	Nestleder	LESJA
Kristian Frisvold	Medlem	LOM

Følgende varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Reprenterer
Ragnhild Sjurgard	Kristian Frisvold	LOM

Merknader:

Almenningsstyrar i Skjåk Almenning, Kjetil Brandsar deltok på møtet og orienterte om Skjåk Almenning si historie og verksemd i Skjåk.

Etter møtet reiste styret til info.punktet ved Aursjoen, der SNO orienterte om villreinen sin områdebruk.

Øvrige frammøtte:

Navn	
Kristine Sørлие	Nasjonalparksforvaltar
Mari Melbø Rødstøl	Nasjonalparksforvaltar
Per Olav Haugen	SNO

Underskrift:

Vi bekrefter med underskriftene våre at det som er ført på de sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som ble vedtatt på møtet.

Terese Jemtegård
Sign.

Morten Kielland
Sign.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 26/2024	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 27/2024	Orienteringar		
ST 28/2024	Referatsaker		
ST 29/2024	Delegerte saker		
DS 40/2024	Delegert sak - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - Einstullie NR - kartlegging og innsamling av lav og sopp - Norsk Lavforening		2024/5727
DS 41/2024	Delegert sak - Reinheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2024 - 2027 - helikopter - lavtflyging i forbindelse med kalvetelling av villrein - Norsk villreinsenter		2024/6605
ST 30/2024	Trollstigen lvo - Dispensasjon - anlegge rasteplass, parkering og naturrestaurere -2024 - Slettvikane		2020/10986

ST 26/2024 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 18.06.2024

Vedtak

Ingen merknader til innkalling og sakliste. Morten Kielland vart vald til å skrive under protokollen saman med styreleiar.

ST 27/2024 Orienteringar

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 18.06.2024

Forvaltar informerte om at scenarioanalyse for villreinsens områdebruk i Puttbudalen/Brøstdalen nermar seg ei ferdigstilling og at NINA har presentert interessante resultat. NINA skal levere førsteutkast til rapport ila juni måned.

ST 28/2024 Referatsaker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 18.06.2024

Det var ingen referatsaker.

ST 29/2024 Delegerte saker

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 18.06.2024

Vedtak

Delegerte saker vart teke til orientering.

ST 30/2024 Trollstigen Ivo - Dispensasjon - anlegge rasteplass, parkering og naturrestaurere -2024 - Slettvikane

Saksprotokoll i Nasjonalparkstyret for Reinheimen - 18.06.2024

Behandling

Terese Jemtegård kom med forslag til å endre kulepunkt 2 i vilkåra til:

- *Landskapsplan (alternativ 3 i saksutgreiinga) skal nyttast som utgangspunkt, men kan justerast etter dialog i felt med nasjonalparkforvaltar.*

Ragnhild Sjugard kom med forslag om å fjerne namn og telefonnummer i kulepunkt 5, slik at det berre står lokalt SNO.

Innstillinga frå forvaltar, med forslag til endringar i kulepunkt 2 og 5 under vilkåra, vart samrøystes vedtatt.

Vedtak

Med heimel i verneforskrift for Trollstigen landskapsvernområde § 3, pkt. 1.3 bokstav l) får Møre og Romsdal Fylkeskommune dispensasjon til å oppgradere parkeringsplassen på vestsida av vegen og naturrestaurere parkeringsplassen på austsida av vegen ved Slettvikane.

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Tiltaket skal gjennomføres innan utgangen av 2025.
- Landskapsplan (alternativ 3 i saksutgreiinga) skal nyttast som utgangspunkt, men kan justerast etter dialog i felt med nasjonalparkforvaltar:



- Naturrestaureringa skal skje i samsvar med plan for naturrestaurering på Slettvikane som er laga på bestilling frå Nasjonalparkstyre for Reinheimen. Nasjonalparkforvalter vil ettersende naturrestaureringsplan når denne er ferdig. I dette inngår det å ta torv frå området til bruk i naturrestaureringa.
- Driftsgarasjen til M og R Fylkeskommune skal fjernes ut av landskapsvernområdet.
- I forkant av tiltaket skal lokalt SNO kontaktast for å kunne bli med og gje råd når arbeidet startar.
- Viss naturverdiane i verneområdet blir forringa som følgje av tiltaket, kan forvaltningsstyresmakta krevje at toalettet blir fjerna og at parkeringsplassen blir stengt.